

# Kvifor treng vi prosedyrar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta?

(R) Rundebord

13.40-15.10, Spor 5: Mimes Brønn

## Ordstyrar

Kjetil Hjørnevik (Griegakademiet, UiB)

## Rundebordsdeltakarar

Thomas Høiseth & Vegard Wikne (Betanien DPS)

Randi-Luise Møgster & Martin Leknesund Hansen (Helse Bergen)

Georg Reinhardt, Malena Grov Ottesen & Haakon Raa Tveit (Helse Fonna)

Solgunn Knardal (NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus)

To representantar for erfaringsperspektivet

## Samandrag

Musikkterapi er tilrådd i feire nasjonale, behandlingsretningslinjer og sidan 2016 er det etablert prosedyrekodar for musikkterapi i spesialisthelsetenesta, for områda somatikk, psykisk helsevern, rusbehandling og rehabilitering. I denne rundebordsdiskusjonen vil vi spesifikt fokusere på situasjonen innan psykisk helsevern og rusbehandling. Kva prosedyrar treng vi som rammeverk for musikkterapi i spesialisthelsetenesta, og kvifor treng vi dette? Rundebordsdiskusjonen vil starte med eit innlegg frå fagmiljøet ved Helse Fonna, med utgangspunkt i det utviklingsarbeidet som har vore gjennomført i dette helseføretaket det siste året. Deretter vert det innlegg og responsar frå leiarar og musikkterapeutar frå ulike helseføretak som er med i Polyfon-samarbeidet. Det vert også innlegg og responsar baserte på erfaringsperspektivet. Initiativtakarar til rundebordsdiskusjonen er fagmiljøet ved Helse Fonna, som beskriv bakgrunnen for engasjementet sitt på denne måten:

«Det har skjedd mykje i helsevesenet sidan den første musikkterapeuten vart tilsett ved eit Distriktpsykiatrisk senter i Noreg tidleg på 1990-talet. Frå å være få, er vi blitt ganske mange, og det dukkar stadig opp nye stillingar. Dei siste åra har det vore ei stor endring for alle helsepersonellgrupper når det gjeld krav knytt til dokumentasjon og trygg pasientbehandling, blant anna med innføring av nye retningslinjer (Helsedirektoratet 2013), ny *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten* (2016) og nye pakkeforløp (Helsedirektoratet 2018).

Korleis skal musikkterapeutar i åra framover jobbe innan den ramma som spesialisthelsetenesta er? Kva treng vi av rammeverk for å sikre pasientane våre god og trygg behandling som samsvarer med våre eigne yrkesetiske retningslinjer (CREO 2022) og Helsedirektoratet sine retningslinjer for behandling? Kan prosedyrar hemme det kreative og fleksible arbeidet som musikkterapi er?

Vi vil fortelje om korleis arbeid med prosedyrar har vore ein arena for faglege refleksjonar og samarbeid med leiinga. Vi vil også formidle korleis vi trur at prosedyrar i musikkterapi kan gjere det tryggare som musikkterapeut å stå i faglege utfordringar i møte med pasientar, kollegaar og leiarar»

Rundebordsdiskusjonen har som mål å belyse kva perspektiv dei ulike aktørane på feltet har på denne tematikken, som grunnlag for diskusjon om vegar vidare og nødvendig utviklingsarbeid. Publikum vil verte inviterte inn i diskusjonen.

## Referansar

CREO (2022). *Yrkesetiske retningslinjer for musikkterapeuter – 2022 versjon*. Utformet av Creos fagpolitiske utvalg for musikkterapeuter. Henta frå: FS-28-03-22-Reviderte-yrkesetiske-retningslinjer-for-musikkterapeuter-2022-bokmal.pdf (creokultur.no)

*Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten* (2016). *Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten*. FOR-2016-10-28-1250 : LOVDATA: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-10-28-1250>.

Helsedirektoratet. (2013). *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med psykoselidelser*. Henta frå: Psykoselidelser - nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med psykoselidelser – Helsebiblioteket

Helsedirektoratet (2018). *Nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018–2020*. Henta frå: Nasjonal plan for implementering av pakkeforløp for psykisk helse og rus 2018-2020 (helsedirektoratet.no).